



Haugsvær Tomtelag v/Erlend Haugsvær  
Haugsværlia 39  
5983 HAUGSVÆR

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/29 - 23/9462

Sakshandsamar:  
Roald Kvingedal  
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
10.11.2023

## Søknad om kommunal overtaking av privat veg - Haugsvær

Vedlagt følger saksutgreiing og vedtak.

**Kommunestyret - 081/2023**

**KS - behandling:**

**Saka vart drøfta.**

**Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

**KS - vedtak:**

**Masfjorden kommune imøtekjem søknad om overtaking av privat veg til kommunal veg under føresetnad av gitte føresetnader 2017 er utført/innfridd, samt at tomtelaget må få grensejusert arealet vegen ligg på, slik at heile vegen vert liggjande på vegeigedomen (gnr 47 bnr 75).**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på, jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert klagt på (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunnjevast.*

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakere:**

**Mottakere:**

Haugsvær Tomtelag v/Erlend  
Haugsvær

Haugsværliå 39

5983

HAUGSVÆR

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA-Q15	19/29

Saknr	Utval	Type	Dato
095/2023	Formannskapet	PS	16.10.2023
081/2023	Kommunestyret	PS	26.10.2023

### Søknad om overtaking av privat veg frå Haugsvær tomtelag til Masfjorden kommune

#### Vedlegg:

##### Journalposttittel

Kart privar veg Haugsvær tomtelag  
SØKNAD OM KOMMU

##### Dato

09.10.2023  
08.10.2023

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune viser til mottatt søknad, overtaking av privat veg frå Haugsvær tomtelag. Masfjorden kommune avslår søknad om overtaking av privat ved Haugsværliå GBNR 47/75.**  
i

**Grunngjeving:** Vegen er ikkje asfaltert og vegdekket er av dårleg kvalitet og manglar rekkverk, om Masfjorden kommune overtar vegen slik den ligg i dag, vil dette påføre kommunen store kostnadar med oppgradering. Slik den usikre økonomiske situasjonen til Masfjorden kommune er i dag og framover kan ein ikkje overta ein slik veg.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Saka gjeld søknad frå Haugsvær tomtelag om at Masfjorden kommune overta av privat veg i Haugsværliå.

##### Fakta

Haugsvær tomtelag søker Masfjorden kommune om å overta av privat veg i Haugsværliå. Vegen er 520m i lengde med snuplass i enden av vegen, og er tilkomstveg for 11 tomter, kor 5 tomter er bebygd.

*Befaring av vegen vart gått i juni 2017, her vart det avdekkja to punkt som måtte utbetrast før ei eventuell kommunal overtaking av vegen. Punkt 1: Rensk av skjering på nordsida. Punkt 2: Rensk og plastring av grøft mellom stikkgrøft nr. 3 og stikkgrøft nr. 4.*

Haugsvær Tomtelag utbetrar punkta påpekt på befaringsa.

Vegarealet er i dag GBNR 47/75 , eigar Halvar Haugsvær. Det ligg ein avtale mellom Haugsvær tomtelag og Halvar Haugsvær om areal for bustadfelt med tilkomstveg.

Vegen er i dag ein grusveg av dårleg kvalitet på kjørebana, som krev mykje ekstra vedlikehald både

sommar og vinter. I vegbana er det mykje utvasking av veggrus, der bærelaget er begynt å koma gjennom vegbana, dette skyldast at vegen har ei bratt stigning første halvdel og vegbana har ikkje tverfall inn mot grøft. Slik vegbana er i dag vil dette krevje oppretting med ny grus og asfaltdekke på heile vegstrekninga på 520m, inkl snuplass i enden.


#### Kostnad Asfaltering og sikring av veg

07.10.23

Kostnad	M2	Pris/pr.m2 inkl grusing	Sum eks mva
Asfaltering	2500m2	300,-	750.000,-
Rekkverk	130 m	1400,-	182.000,-
Sum			<b>932.000,-</b>
Sum inkl mva			<b>1.165.000</b>

**Rekkverk:** Vegen er ikkje sikra med rekkeverk eller kantstøp ved skråningar/fyllingar med til saman 130m.

Ein del av partia på vegen er ikkje sikra med støypekant/kantrekkeverk, det er behov for sikring av vegen på 3 plassar med tilsaman 130m.



Strekning med behov for rekkverk/kantstøp

#### Vurdering

Vegen som er på 520m, er ikkje asfaltert og vegdekket er av dårleg kvalitet og manglar rekkverk, vil dette påføre kommunen store kostnadar med oppgradering for ei forsvarleg bruk, drift og vedlikehald. Slik den usikre økonomiske situasjonen til Masfjorden kommune er i dag og framover kan ein ikkje overta ein slik veg som krev så store investeringar som sikrar ei forsvarleg bruk, drift og vedlikehald av vegen.

#### Konklusjon

Masfjorden kommune avslår søknad om overtaking av privat ved Haugsværliia GBNR 47/75.

## **Formannskapet - 095/2023**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Masfjorden kommune imøtekjem søknad om overtaking av privat veg til kommunal veg under føresetnad av gitte føresetnader 2017 er utført/innfridd, samt at tomtelaget må få grensejusert arealet vegen ligg på, slik at heile vegen vert liggjande på vegeigedomen (gnr 47 bnr 75).

Framlegg til vedtak jobba framn i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune imøtekjem søknad om overtaking av privat veg til kommunal veg under føresetnad av gitte føresetnader 2017 er utført/innfridd, samt at tomtelaget må få grensejusert arealet vegen ligg på, slik at heile vegen vert liggjande på vegeigedomen (gnr 47 bnr 75).

## **Kommunestyret - 081/2023**

### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

Masfjorden kommune imøtekjem søknad om overtaking av privat veg til kommunal veg under føresetnad av gitte føresetnader 2017 er utført/innfridd, samt at tomtelaget må få grensejusert arealet vegen ligg på, slik at heile vegen vert liggjande på vegeigedomen (gnr 47 bnr 75).